



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppen
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 28.01.2022

Sak 11/22 Overskriding Trolley-prosjektet

Bakgrunn

I styringsgruppemøte for Trolley 2020 10. januar vart det presentert kostnadsprognose pr 31.12.2021.

Prognosen syner ein forventad kostnad på 133,37 mill. kr. Etter prisjustering i 2021 er det 112,08 mill. kr. disponibelt til prosjektet og dermed ei forventad underdekning på omlag 21 mill.kr. (I handlingsprogrammet er det totalt avsett 83,8 mill.(2022) kroner til prosjektet. I tillegg får prosjektet Enova-støtte på 29,6 mill.(faste kroner)).

Bybanen utbygging vil fram mot midten av februar utarbeide ein oppdatert prognose som grunnlag for tertialrapportering og neste møte i styringsgruppa for Trolley 2020 som er 15. mars.

Bybanen Utbygging har skildra årsak til kostnadsoverskriding slik:

- Prosjektet er blitt vesentleg forseinka pga forseinka ferdigstilling av prosjekta i Carl Konows gate, Nygårdsgaten og Olav Kyrres gate. Dette har medført vesentlege kostnader med opp -og ned bemanning, re-planlegging, samt auka rigg-kostnader som leige av lokaler mm. Dette er prosjekt i regi av Statens vegvesen.
- Prosjektering og plassering av master var fullført og avtalt med SVV like i forkant av omorganiseringa 01.01.2020, men Bergen kommune og BU fekk ikkje formelt svar frå SVV før omorganiseringa. Dette medførte at nytt personell og heilt ny godkjenningssprosess måtte starte opp eit halvt år etterpå. Nye løysingar måtte gjennomførast ut frå nye krav, ventekostnader på borerigg samt auka kostnader til løysingar.
- Covid situasjonen har medført at ein del arbeid ikkje har vore mogleg å utføra eller at personell ikkje har hatt moglegheit til å koma til Bergen når arbeidet skulle utførast.
- Grunntilhøva og bygningsmasse har vore meir krevjande enn først antatt, og dette har gitt auka kostnader til fundamentering og veggfeste.
- Holen skole-prosjektet til Bergen kommune har medført store arbeider også på vegen slik at vi ikkje får tilkomst til å bygge i området. Nye og dyrare løysingar for fundamentering må etablerast.

- Holen minnepark hadde to eksisterande master, desse er blitt bytta og i samband med dette har ein også måtta sette minneparken i stand.

Det er planlagt ferdigstilling av prosjektet innan utgangen av mars 2022.

Konklusjon

Miljøløftets styringsgruppe tek saka til orientering, og føreset at meirbehovet vert innarbeida i komande økonomiprosessar.